HELSE VEST

# Møtereferat

**Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest**

**Til stede:** Linn Bæra, Grete Müller, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Lene Nilsen (vara), Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Kristoffer Skjolden, Kristin Lexow (førre sekretær), Charlotta Schaefer (ny sekretær).
**Forfall:** Gunnar Ekeland, Anders Sundbotten
**Møteleiar:** Linn Bæra
**Møtedato:** 26.01.2017
**Klokkeslett:** 10.00-15.00
**Møtenr:** 1/17
**Møtestad:** Helse Vest RHF, Møterom Kjerag
**Arkivref:** -

| Saksnr. | Emne | Ansvarlig |
|---|---|---|
| **01/17** | Velkommen til nytt brukarutval<br>• Presentasjon av Helse Vest RHF<br>• Styringsbodskap 2017 frå HOD<br>• Aktuelle styresaker<br>RBU januar 2017 - presentasjon HV RHF | Herlof Nilssen |
| **02/17** | Konstituering av nytt brukarutval<br><br>Herlof Nilssen gjorde kort greie for konstitueringsprosessen slik han står beskrive i retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå. Det regionale brukarutvalet ønsket at Nilssen leia prosessen.<br><br>Linn Bæra blei foreslått å fortsette som leiar og Grete Müller som nest-leiar. Forslaget blei vedteke. | Herlof Nilssen |
| **03/17** | Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker.<br><br>Innkalling godkjent, ingen kommentarar.<br><br>Linn og Grete melder eventuelt saker –<br><br>1. Høyring om Odda sjukehus. RBU ønskjer å skrive høyringssvar. Alle i RBU bør orientere seg i rapporten til neste møte. Linn sender link på e-post. Brukarrepresentant frå styringsgruppa for Odda sjukehus kan informere RBU ved neste møte.<br><br>2. Høyring om Kvinnslands utvalas rapport 'Organisering og styring av spesialisthelsetenesta'. Linn ber brukarutvala om å sjå i rapporten til neste møte. | Leiar for RBU |

| | | |
|---|---|---|
| | 3. Grete tar opp problem med refusjon ved pasientreise med taxi. Vanskelig å få til en fungerande ordning.<br><br>4. Lene melder at feireavvikling i Helse Bergen går ut over pasienttryggleiken innan blant anna rehabilitering for erverve hjerneskade. Alvorleg sjuke blir sendt rett til kommunehelsetenesta.<br><br>5. Elisabeth melder at agendaen til RBU- møter er for tettpakket. Ønskelig å få betre tid til diskusjon. | |
| **04/17** | Referat frå førre møte i RBU blir godkjent.<br><br>Kommentar frå Lene Nilsen til styresak 141/16: Responstida som er oppgitt i rapporten om ambulansesaka stemmer ikkje heilt. Responstida er ofte lenger enn 25 minutt. | Leiar for RBU |
| **05/17** | RBU behandlar tre førespurnader om deltaking i arbeidsgrupper:<br><br>Regional plan for psykisk helse:<br>Lene Nilsen frå FFO Sogn og Fjordane melder seg.<br>(Linn Bæra skal sjekke om hun kan).<br><br>Kompetansenettverk for behandling av flyktningar og asylsøkjare:<br>Jostein Bildøy melder seg.<br><br>Programgruppa for Program for pasienttryggleik:<br>Kari Toftøy-Andersen melder seg. | Alle |
| **06/17** | Linn orienterer kort om innhald i årleg melding. Hun sender ut et utkast til RBUs medlemmer i veke 5. De som representerte brukarutvala i 2016 kan da sende tilbakemelding til Linn. | Leiar i RBU |
| **07/17** | Gjennomgang av oversikta for deltaking i arbeidsgrupper, prosjekter og nettverk. Oversikten kan sjåast i vedlegg til referat.<br><br>Kari melder behov for to representantar i Program for pasienttryggleik. | Leiar for RBU |
| **08/17** | Gjennomgang av møteplan for RBU 2017.<br><br>RBU møte den 30. mars blir flyttet til den **27. mars**.<br><br>RBU møte den 9. november blir flyttet til den **6. november**. | Sekretær |
| **09/17** | Sofia informerer om korleis reiserekningar skal fyllest ut. | Sofia v/Lønn- og |

| | | |
|---|---|---|
| | Hugs å signere dokumentet.<br><br>Link til elektronisk reiserekning:<br>http://dfo.no/kundesider/lonnstjenester/reiseregning<br><br>Utfylling av manuelle reiseregninger 26.01. | regnskapssenteret HV |
| **10/16** | Eventuelt<br>1. Odda sjukehus. RBU bør lese rapporten og gi eit høyringssvar. Frist 21. februar. Brukarrep i arbeidsgruppa har meldt saka til RBU. Odda er ekstremt ver utsatt og det gir utfordringar for transport.<br>Kommentarar i møtet: Nedlegging av Odda sjukehus gir behov for ekstra helikopter ressurs, då ressursar i Bergen er avgrensa grunna nasjonale tenester for brannskada. BU har varsla at fleire av argumenter for å behalde akuttkirurgi ikkje kom med i rapporten. Det må fremmast krav om følgje av spesialistlege i ambulansen om tilbod med akuttkirurgi leggs ned. Adle i RBU oppmodas til å lese rapporten og sende kommentarar til Linn seinast den 12. februar.<br><br>Dei andre eventuelt saka blir tatt opp i neste møte den 23. februar, grunna tidsmangel. | Linn Bæra |